



GULEN KOMMUNE  
HISTORISK OG FRAMTIDSRETTE



# Planprogram

## Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Gulen Kommune

2019 - 2022

# GULEN - HISTORISK OG FRAMTIDSRETTA med: gode oppvekstvilkår livskraftige og samarbeidande bygder mangfald og rom for alle



## Innhald

<b>1. BAKGRUNN OG FORMÅL MED EIT PLANPROGRAM .....</b>	<b>3</b>
1.1 BAKGRUNN OG MÅL.....	3
1.2 PLANPROGRAM .....	3
<b>2. FØRINGAR .....</b>	<b>4</b>
2.1 KOMMUNEPLAN FOR GULEN KOMMUNE 2012 – 2024, SAMFUNNSDELEN .....	4
2.2 PLANSTRATEGI FOR GULEN 2016 - 2019 .....	5
2.3 REGIONALE OG NASJONALE FØRINGAR.....	5
<b>3. ORGANISERING.....</b>	<b>6</b>
3.1 ORGANISASJONSPLAN.....	6
3.2 MEDVERKNAD OG INFORMASJON.....	6
<b>4. MÅL, FOKUSOMRÅDER OG AVGRENSING .....</b>	<b>7</b>
<b>5. PLANPROSESS – VIKTIGE DATOAR .....</b>	<b>8</b>

## 1. BAKGRUNN OG FØREMÅL MED EIT PLANPROGRAM

### 1.1 BAKGRUNN OG MÅL

Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er det området som engasjerer flest menneske i fritida. Det krev aktiv samfunnsplanlegging for å ivareta desse interessene i arealforvalting, og for å få til ei fornuftig tilrettelegging og organisering av dei ulike aktivitetane. For å oppnå dette er det viktig å utvikle gode planar som politiske styringsdokument for utviklinga innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Gulen kommune skal revidere «Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet 2014 – 2017». Revisjon av planen krev eit politisk godkjent planprogram, jfr. Plan- og bygningslova § 4-1. Planen skal vere eit strategisk styringsdokument for Gulen kommune sin politikk på idretts- og friluftlivfeltet i ein fireårsperiode.

Planen skal reviderast etter fire år, for å sikre at kommunen si planlegging på området samsvarar med overordna strategiar for Gulen kommune. Planen skal uttrykke visjonar, mål og prioriteringar på kultur- og idrettsområdet. Den skal ha eit handlings- og tiltaksprogram. Eit godt handlings- og tiltaksprogram vil sikre god økonomisk planlegging og styring i årlege budsjettvurderingar.

Framleis manglar avklaring på enkelte idrettsanlegg. Dette må takast omsyn til i planarbeidet. Fokus i planperioden skal vere på aktuelle utfordringar i dagens samfunn med tanke på frivillige og kultur- og idrettsarbeid.

Ein ny plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv tek mellom anna utgangspunkt i Kulturlova (2007) som omtalar det offentlege sitt ansvar for utviklinga av kulturverksemd i landet. Kulturlova § 1 og § 4 seier:

#### **§ 1. Føremål**

*Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmaktens ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk.*

#### **§ 4. Fylkeskommunens og kommunens oppgåver**

*Fylkeskommunen og kommunen skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt.*

Planen tek også utgangspunkt i andre statlege føringar:

Meld. St. 26 (2011-2012) *Den norske idrettsmodellen* slår fast at staten gjennom idrettspolitikken har eit særleg ansvar for born (6 - 12 år) og ungdom (13 - 19 år), personar med nedsett funksjonsevne og personar som er i lite aktivitet.

Friluftslova og *Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv* har som målsetjing at fleire skal nytte friluftsliv jamleg og ein skal sikre allemannsretten til fri ferdsel og opphald i naturen. Born, unge, personar som er lite aktive, personar med innvandrarakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne skal ha hovudprioritet.

Meld. St. 34 (2012-2013) *Folkehelsemeldinga* fokuserar på fråvær av sjukdom, men inkluderar og overskot, trivsel og velvere.

Det er viktig at arbeidet er forankra i lag, organisasjonar og andre kultur- og idrettsaktørar. Politisk medverknad i sakshandsaminga er ein viktig føresetnad.

### 1.2 PLANPROGRAM

I følgje plan- og bygningslova skal det utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet for alle regionale og kommunale planer som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Planprogrammet skal syne målet med planarbeidet, gjere greie for planprosessen med deltakarar og fristar, og trygge medverknad. Vedteke planprogram skal leggjast ut på høyring i minimum 6 veker.

Planprogrammet vil gje alle interesserte høve til å kome med innspel og synspunkt tidleg i prosessen, før det vert trekt konklusjonar.

Utarbeiding av eit planprogram er heimla i plan- og bygningslova § 4-1.

## 2. FØRINGAR

### 2.1 KOMMUNEPLAN FOR GULEN KOMMUNE 2012 – 2024, SAMFUNNSDELEN

Kommuneplanen er det overordna styringsdokumentet til kommunen, som består av ein retningsgjevande samfunnsdel og ein juridisk bindande arealdel. I kommuneplanen er det lagt føringar for utviklinga av kommunen.

Samfunnsdelen til kommuneplanen har som mål at Gulen kommune skal vere ein god og trygg kommune å bu i. Målet er at innbyggjartalet i kommunen skal auke til minimum 2 500 personar. For å få dette til, må vi utnytte og utvikle kommunen sine sterke sider.

Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv rettast mot:

- gode oppvekstvilkår for barn og unge. Dette vil vi ta vare på ved å legge til rette for gode psykososiale oppvekstvilkår, og ved å skape gode fysiske rammer for barnehagar, skular og aktivitet i nærmiljøet.
- aktive og driftige frivillige lag og organisasjonar i kommunen. Det er viktig at kommunen bidreg til å styrke deira rolle i lokal samfunnet og stimulere til aktivitet og frivilligheit.
- Gulatinget og flott natur. Dette vil vi forvalte med omtanke, og utnytte til å skape utvikling i landbruket, reiseliv og turisme, samt leggje til rette for allmenn bruk av områda som er ein arena for fysisk aktivitet.
- å vidareutvikle og styrke tilbodet og kvaliteten vår på idrett, friluftsliv og kultur til alle våre innbyggjarar.

#### Folkehelse

I planstrategien er det peika på at folkehelse må innarbeidast i samfunnsdelen i kommuneplanen.

Folkehelsearbeidet skal fremje innbyggjarane si helse og trivsel, og skape gode sosiale og miljømessige forhold for å kunne førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning. Dette skal ligge til grunn for Gulen kommune sin strategi både når det gjeld utforming og gjennomføring av kommunale planar og tiltak. Gjennom planarbeid og folkehelsearbeid skal ein vektlegge og setje fokuset på førebyggjande strategiar, tidleg innsats, lågterskeltilbod og utjamning av sosiale helseforskjellar.

Lov om folkehelsearbeid vektlegg grunnprinsippet om å fremje folkehelse i alle sektorar, tenke helse i alt ein gjer, i alt kommunalt arbeid og i alt samarbeid med fylkeskommune og stat. I tillegg skal ein arbeide for å styrke det frivillige arbeidet i kommunen, og samarbeidet mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar.

#### Kultur

Samfunnsdelen påpeikar spesielt at ein skal leggje til rette for kulturtilbod til born og unge. Vi skal ha god kvalitet på tenester, ha trygge og gode oppvekstvilkår, og skape felles identitet.

For å nå målsettinga kan plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv ivareta satsingsområde som tilrettelegging for dei som treng ekstra oppfølging og arbeide for å utjamne sosial ulikskap.

Vi kan halde fast på nærleik til barnehage, skule og uteområda knytt til desse. Vi kan legge til rette for større ungdomsmiljø og arbeide for fleire møteplassar for barn/unge. Vi kan prioritere kulturarbeid for barn og unge og styrke kultursektoren og frivilligsektoren.

Gulen kommune skal styrke det frivillige arbeidet i kommunen ved å vidare utvikle kultur, idrett og friluftslivtilbodet til alle våre innbyggjarar. Friluftstiltak, anlegg for fysisk aktivitet, gode nærmiljø og sosiale møteplassar kan vere tiltak for å leggje til rette for dette.

Målsetjinga byggjer på visjonen vår;

**GULEN - HISTORISK OG FRAMTIDSRETTA med:**  
gode oppvekstvilkår  
livskraftige og samarbeidande bygder  
mangfald og rom for alle



## 2.2 PLANSTRATEGI FOR GULEN 2016 - 2019

Planstrategien skal vurdere planbehovet for kommunen og vart vedteken i kommunestyret den 20.10.2016 i K-sak 79/16. Planstrategien seier at vi skal ha revisjon av kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet i 2017, og det skal gjennomførast ei årleg rullering. Planen må vere oppdatert for at lokale lag og organisasjonar skal kunne søkje om tilskot frå spelemiddelordninga.

Revisjonen i 2017 vart utsett og gjeldande plan vart forlenga med eit år då det ikkje vart utarbeidd eit planprogram. Utan planprogram har ein ikkje ein gyldig plan. Dermed set ein i gang med revisjon av planen i 2018.

## 2.3 REGIONALE OG NASJONALE FØRINGAR

### Regionale føringar for kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv:

- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 – 2019
- Regional plan for folkehelse

Desse planane peikar på ein del utviklingstrekk som kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv må ta omsyn til. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016- 2019 har eit større fokus på aktivitet og verkemiddel for aktivitet enn tidlegare planar som har vore meir planar for bygging av anlegg. Regional plan for folkehelse bygger på statlege retningsliner og har fokus på mellom anna inkludering og forståing av eiga helse.

### Nasjonale føringar for kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv:

- Kulturlova
- Plan- og bygningslova
- Ulike stortingsmeldingar
- Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet

Konsekvens for vår plan er at vi må få inn fokusområdet friluftsliv. Dette er ikkje vektlagt i tidlegare planar, men er no eit av tre hovudsatsingsområde som skal omtalast. Planen vil få endra tittel og innhald som ei følgje av dette.


På sikt kan ein sjå føre seg at det er aktuelt å få på plass ein Kulturplan for Gulen kommune. Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2019 – 2022 vil dermed utarbeidast med tanke på at den kan gå inn som ein del av ein større kulturplan om dette vert realisert. Planen blir kortare og meir konkret enn tidlegare plan.

### 3. ORGANISERING

For å sikre at mange partar vert delaktig i planarbeidet vert det oppnemnt ei prosjektgruppe.

Forhold som oppstår og som ikkje kan løysast innanfor prosjektgruppa, skal drøftast med rådmannen eller leggjast fram for styringsgruppa av prosjektleiar. Prosjektleiar rapporterer til rådmannen.

#### 3.1 ORGANISASJONSPLAN



#### 3.2 MEDVERKNAD OG INFORMASJON

Kommunen ynskjer medverknad frå ulike grupper som har interesse av planarbeidet.

Vi oppmodar lag og organisasjonar og andre til å kome med innspel og syner særleg til pkt. 5.

Innspel kan ein kome med på følgjande måte:

Frammøte: Skriftlege innspel leverast i ekspedisjonen på kommunehuset

Pr. post: Gulen kommune, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik

Pr. e-post: [post@gulen.kommune.no](mailto:post@gulen.kommune.no)

Innspel merkast med Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2019 - 2022

Det vert lagt opp til at lag og organisasjonar vert involvert i arbeidet med planen ved at dei inviterast til folkemøte og får tilsendt høyringsutkast. Planen vil leggjast fram for ungdomsrådet og leiar i ungdomsrådet er med i prosjektgruppa. Slik sikrar vi medverknad frå born og unge.

Vi ynskjer å bruke kommunen si informasjonsavis, heimeside og facebookside for å informere om arbeidet. Einingsleiar møte kan nyttast for å legge til rette for medverknad frå andre tenestemråde.

## 4. MÅL, FOKUSOMRÅDE OG AVGRENSING

Gulen kommune skal lage ein strategisk plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv gjennom ulike prioriteringsområde. Det skal samstundes leggjast til rette for gjennomføring av strategiane.

### Innsatsområde:

- Attraktive møteplassar inne og ute
- Arenaer for utøving av fysisk aktivitet
- Meiningsfulle liv som gjev gode vanar og god helse
- Samarbeid med lag og organisasjonar med mål om inkludering

Born og unge vil vere ei prioritert gruppe.

Det er viktig å tenkje på førebyggjande strategiar, tidleg innsats, lågterskeltilbod, og utjamning av sosiale helseforskjellar. Vi legg til rette for at alle skal kunne ha ein aktiv kvardag. Dette gjev god helsegevinst, både fysisk og mentalt.

Konkrete tiltak for å nå målsettinga er å fokusere på

- nærleik til barnehage, skule og uteområda knytt til desse
- legge til rette for større ungdomsmiljø
- arbeide for fleire møteplassar for born og unge
- prioritere kulturarbeid for born og unge
- styrke kultursektoren og frivilligsektoren
- friluftstiltak
- anlegg for fysisk aktivitet

Viktige føresetnader for planen sine prioriterte område:

- Politisk medverknad
- Forankring hos lag, organisasjonar og andre idrett- og kulturaktørar
- Føringar frå andre plandokument som må takast omsyn til
- Avgrensing mot andre planar

## 5. PLANPROSESS – VIKTIGE DATOAR

Dato	Kva	Ansvarleg
12.04.2018	Vedtak: oppstart av planarbeid Planprogram ut på høyring, høyringsfrist 25.05.2018	FSK
21.06.2018	Endeleg planprogram til godkjenning	KOM
Juni – sept 2018	Arbeid med planen	Kulturkonsulent
Juni – sept 2018	Gjennomføring av innspelsmøte	Kulturkonsulent
18.10.2018	Vedtak: Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2019 - 2022 vert lagt ut på høyring. Høyringsfrist 29.11.2018	KOM
November 2018	Gjennomgang av innspel – klargjere plandokumentet	Kulturkonsulent
07.11.2018	Førebels utkast til høyringsuttale, høyringsfrist ikkje gått ut	HPU
15.11.2018	Førebels utkast til høyringsuttale, høyringsfrist ikkje gått ut	FSK
06.12.2018	Vedtak: Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2019 - 2022	KOM